

Skodvin 11.februar.20

Til Føresette

Elevar i 2. - 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Den einskilde skule ordnar med skuleskyss for dei som har rett på det.

Har du rett til gratis skuleskyss?

Desse elevane har rett på gratis skuleskyss:

- Elevar i 1. klasse som har meir enn to kilometer til skulen.
- Elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn fire kilometer til skulen.
- Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
- Elevar med funksjonshemming og midlertidig skade eller sjukdom.

Lengda på skulevegen vert målt i gåavstand frå døra heime til døra på skulen.

Slik søker du

Det er fylkeskommunen har ansvar for skuleskyss til elevar i grunnskulen, men foreldre og elevar treng ikkje å forhalde seg til andre enn skulen sin.

Rektor eller skyssansvarleg på kvar skule bestiller skuleskyss til alle elevar i grunnskulen.

Kva kan du bruke skulekortet til?

Elevar som har rett på fri skuleskyss får Skyss skulekort. Det er skulen som deler ut kortet. Skyss skulekort gjeld:

- for to reiser kvar skuledag
- mellom klokka 05.00 og 19.00
- ikkje i helger og feriar
- for maksimalt 190 skuleagar

Har du funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom?

Elevar med funksjonshemming eller midlertidig skade eller sjukdom kan få drosje i staden for buss. Er dette aktuelt for barnet ditt, må du dokumentere behovet med legeattest og levere dette til rektor på skulen.

Har du særleg farleg eller vanskeleg skuleveg?

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til fri skuleskyss utan omsyn til veglengda. Elevar som har særlege behov eller vanskar for å greie seg i det vanlege trafikkbildet på skulevegen sin, kan også ha denne retten.

Dersom du meiner at skulevegen for barnet ditt er særleg farleg eller vanskeleg, kan du søkje kommunen om fri skuleskyss. Søknaden sender du til skulen. Kommunen vurderer søknaden ut frå dei forholda på den aktuelle vegstrekninga, og ut frå dei føresetnadene eleven har. Søknadsskjema finn du på itslearning (foreldrerådet) og på heimesida vår.

Klassifisering:

- 1 Vurdert som særleg farleg skuleveg og gir rett til fri skuleskyss ved søknad
- 2 Vurdert som farleg, men ikkje så farleg at den gir rett til fri skuleskyss
- 3 Vurdert til å ikkje vere farleg då er er fortau / gang- og sykkelveg eller lågtrafikkert veg i bustadområde

Friskule: Elevar i friskular har rett til fri skuleskyss etter same reglane som elevar i grunnskulen. Det er likevel viktig å vere merksam på at retten berre gjeld innanfor heimkommunen – eller til kommunegrensa.

Klage på vedtak om skuleskyss

Vedtak om fri skuleskyss er enkeltvedtak. Du kan klage på det endelege vedtaket til skulen. Vi har ikkje eit eige skjema for dette, så det er nok at du

Skodvin Skule
Monica Thomassen Waage

Rektor